
Noregs verdsarvområder

1 Struves meridianboge
2 Bergkunsten i Alta
3 Vegaøyan
4 Bergstaden Røros
5 Vestnorsk fjordlandskap
6 Urnes stavkyrkje
7 Bryggen i Bergen



BENNETT

Riksantikvaren

Dronningensgt. 13
Pb. 8196 Dep. 0034 Oslo
Tlf: 22 94 04 00 – Fax: 22 94 04 04
www.ra.no

Direktoratet for
naturforvaltning
Tungasletta 2
7485 Trondheim
Tlf: 73 58 05 00 – Faks: 73 58 05 01
www.dirnat.no

Planter og dyr

Dei korte avstandane mellom fjord og høgfjell, i tillegg til stadvis særs gunstige lokalklimatiske tilhøve gjer at fjellblomar kan vekse side om side med artar ein forbind med sørlegare breiddegradar. Mangfaldet av planteartar er stort og variert i det brattlendte fjordlandskapet. På gamal kulturmark er det over tid utvikla sjeldne artar som krev beite og slått for å leve.

Verdsarvområdet har eit variert dyreliv både av pattedyr, fuglar, fiskar og insekt. Fleire står på "raudlista", medan andre er artar som Noreg har eit spesielt ansvar for. Villrein, fjellrev, gaupe, oter, lemen, kvitryggspett og nise er døme på slike artar. Fuglelivet femnar alt frå sjø- og vadefuglar kring fjordane til skogsfugl i dalsidene og til sist artar som er typiske for norske høgfjellsområde. I alt hekkar eit hundretal artar innafor verdsarvområdet.



Slogen. Foto: Lars Lofdahl

Kulturhistorie

Spor i landskapet syner at fjordområda har vore nytta av menneske heilt sidan isen trekte seg attende for 10.000 år sidan. Fangstgraver og bogesteller i høgfjellet syner at villreinen har vore viktig for fjordfolket alt i steinalderen.

Langs etter fjordane og oppe på berghyllene ligg eit titals små fjordgardar, dei fleste fråflytta. Gardane ligg på plassar der snø- og steinras ikkje kjem til. Busetjinga syner eit nøysamt jordbruk tilpassa ein farefull, men samstundes rik natur. I fleire av fjelldalane finn ein stølar. Nokre av fjordgardane og stølane er restaurert og kan besøkast.



Mnemosynesommarfugl. Foto: Dag Holtan

Vakkert landskap

Dei to fjordområda har ry for å vere av dei vakraste og mest inntrykkssterke naturområda i Europa. Dei siste 150 åra har forskarar, kunstnarar og turistar vitja fjordane for å oppleve eit einestående dramatisk og kontrastrikt landskap. Trass store besøkstal har områda halde kvalitetane til inspirasjon og gagn for alle som bur eller vitjar områda.

Geirangerfjordområdet


Inn mot vasskiljet deler Storfjorden seg i tre storfelte fjordarmar. Tafjorden, Sunnylvsfjorden og den slyngande Geirangerfjorden utgjer kjernen i det nordlege delområdet. Her har samspelet mellom is, berggrunn og fossande vatn forma eit fjordlandskap med unike kvalitetar. I dei alpine fjellområda som skil fjordane ligg frodige seterdalar, og på rassikre hyller i dei bratte fjordsidene ligg ei rad gamle høgdegardar med stor kulturhistorisk verdi. I området er artsrike rasmarker og varmekjær lauvskog døme på særprega og sjeldsynte naturtypar med interessant planteliv. Mellom ei rekke insekt er mnemosynesommarfuglen den mest kjende. Alle dei fire naturleg forekommande hjortedyrartane i Noreg, elg, hjort, villrein og rådyr, finst i området.



Urnatnuen. Foto: Johannes Anonby

Nærøyfjordområdet

Nærøyfjordområdet har stor variasjon i landskapstypar og spenner frå nakent høgfjell kring Fresvikbreen til lune viker med varmekjær lauvskog nede ved fjorden. Den 17 km lange Nærøyfjorden er berre 250 m brei på det smalaste og omgjeve av fjell som når opp i 1760 moh. Hengande dalar, fossefall, skarpe gjel og store rasfelt er dramatiske innslag i dei stupbratte fjellsidene. Høgfjellsområda har rolege former og er restar etter det gamle slettelandet slik det låg før isen tok til å grave ut dei mektige dalgangane. Den storfelte rasskråninga som strekker seg frå fjellet Bleia og til botnen av Sognefjorden syner at fjordlandskapet framleis er i utvikling. I dette dramatiske landskapet veks den sjeldne urvalmua. På rassikre plassar kring fjordane ligg fleire mindre grender der jordbruk er viktigaste næringsveg.



Utsikt mot Nærøyfjorden frå Kalvnos. Foto: Tom Dybvad



Hellesylt. Foto: Lars Lofdahl

Kort om Vestnorsk fjordlandskap


Geirangerfjordområdet: Norddal og Stranda kommunar i Møre og Romsdal fylke
Nærøyfjordområdet: Aurland, Vik og Lærdal kommunar i og Sogn og Fjordane fylke. Voss kommune i Hordaland fylke

Areal:
Totalt 1227 km², inkl. 107 km² sjøareal (Geirangerfjordområdet, 518 km² og Nærøyfjordområdet, 709 km²)

Informasjon om overnattings- og servicetilbod:
Geirangerfjordområdet:
Destinasjon Geirangerfjord Trollstigen. www.visitgeirangerfjorden.com
Geiranger Turistkontor, tlf. + (47) 70 26 30 99, www.geiranger.no
Hellesylt Turistinformasjon, tlf. + (47) 70 26 38 80, www.hellesylt.no
Stranda Turistinformasjon, tlf. + (47) 70 26 14 50
Norddal Reiselivslag, tlf. + (47) 70 25 77 67, www.visitnorddal.com
Nærøyfjordområdet:
Flåm Turistinformasjon, tlf. + (47) 57 63 21 06, www.alr.no
Aurland Turistinformasjon, tlf. + (47) 57 63 33 13, www.alr.no
Lærdal Turistinformasjon, tlf. + (47) 57 64 12 07, www.alr.no
Voss Turistinformasjon, tlf. + (47) 56 51 94 00, www.visitvoss.no
Vik Turistinformasjon, tlf. + (47) 57 69 12 55

Meir informasjon:
Møre og Romsdal fylke, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Fylkesmannen i Hordaland
Nettstader:
www.verdensarv.com
www.fylkesmannen.no
www.nwhf.no

VESTNORSK *fjordlandskap*



Brudesløret i Geirangerfjorden. Foto: Arne Aasheim

VERDSARV • WORLD HERITAGE • PATRIMOINE MONDIAL

Vestnorsk fjordlandskap vart i 2005 innskrive på UNESCOs verdsarvliste

Unesco

UNESCO er FN sin organisasjon for utdanning, vitskap, kultur og kommunikasjon (United Nations Educational, Scientific and Cultural Organization). UNESCO sitt mål er å bidra til fred og tryggleik gjennom internasjonalt samarbeid på desse områda. Organisasjonen blei oppretta i 1945, og Noreg vart medlem i 1946.

UNESCO-konvensjonen for vern av verdas kultur- og naturarv

Konvensjonen for vern av verdas kultur- og naturarv blei vedteken i 1972, etter at kulturminne og naturområde i aukande grad hadde vorte utsett for press i form av krig, naturkatastrofer, forureining, turisme, eller berre ganske enkelt forfall.

Konvensjonen oppmodar alle land til å fremje vern av kultur- og naturarv av lokal eller nasjonal betyding. Konvensjonen sitt fremste mål er å identifisere kultur- og naturarv av universell verdi. Behovet for eit felles løft, både menneskeleg og økonomisk, vart synleg gjennom den internasjonale redningsaksjonen av kulturminne i Egypt og Nubia, då Aswan-dammen skulle byggjast tidleg på sekstitalet. Seksti land deltok, mellom desse Noreg.

Natur- og kulturarven kan vere eit monument, eit bygningsmiljø, eit kulturlandskap eller eit naturområde. Den kan vere naturskapt, eller skapt av menneske og natur i fellesskap. Den kan vere eit byggverk som representerer eit viktig historisk utviklingssteg, eller eit naturfenomen av eksepsjonell estetisk eller vitskapleg betyding. Oversikta over verdas kultur- og naturarv vert kalla verdsarvlista.

Noreg ratifiserte konvensjonen 12. mai 1977. Fram til i dag har Verdsarvkomiteen godkjend sju norske nominasjonar til Verdsarvlista:
Bryggen i Bergen (1979), Urnes stavkyrkje (1979), Bergstaden Røros (1980), Bergkunsten i Alta (1985), Vegaøyan (2004), Vestnorsk fjordlandskap (2005) og Struves meridianboge (2005).

For meir informasjon om verdas kultur- og naturarv; **UNESCO sine internettsider, http://whc.unesco.org**, gjev ein verdsomfattande presentasjon av vår felles kultur- og naturarv. **Riksantikvaren sine internettsider, www.ra.no**, presenterar dei norske stadene som er innskrivne på lista over verdsarven.



Foto: Arne Aasheim

Vestnorsk fjordlandskap



Foto: Riksantikvaren/Arve Kjelsheim

Bergkunsten i Alta



Foto: Lars Lofaldli

Vegaøyan



Foto:Trond Taugbøl

Bergstaden Røros



Foto: Trond Taugbøl

Struves meridianbue




Foto: Harald Ibenholt

Urnes stavkyrkje



Foto: Riksantikvaren/Andreas Dreyer

Bryggen i Bergen

Vestnorsk fjordlandskap



Geirangerfjordområdet



Nærøyfjordområdet

Tegnforklaring

- Verdensarvområde
- Naturvernområde
- Turistinformasjon



Vestnorsk fjordlandskap

Fjordar er mellom dei mest dramatiske og spektakulære landskapa på kloden. Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap femnar delar av dei lengste, djupaste, smalaste og vakraste fjordane i verda. Dette er område med eit natur og kulturinnhald som har trollbunde besøkande til alle tider. Av mange er desse fjordane rekna som sjølve symbolet på Noreg, det fremste fjordlandet i verda. Så er også det norske ordet "fjord" del av det internasjonale språket. Verdsarvområdet består av to delområde; Geirangerfjordområdet og Nærøyfjordområdet. Til saman med omgivnader utgjer områda 1227 km², der 107 km² er sjøareal.



Skagefla, Geirangerfjorden. Foto: Per Eide, Fjord Norway

Innafor naturvitskapen vert dei to fjordområda rekna som klassiske døme på denne typen landskap. Med store høgdeskilnader og kort veg mellom sjø og høgfjell er natur-mangfaldet stort. Begge delområda er utan større tekniske inngrep. Dei naturlege geologiske prosessane knytt til danning og utvikling av fjordar er ikkje påverka av menneske-verk. Samla har områda kvalitetar som gjer at dei er førte opp på UNESCO-lista over verdas kultur- og naturarv etter å ha oppfylt to av dei naturfaglege kriteria i konvensjonen.
I grunngjevinga for innskrivinga uttalte komiteen:

Vestnorsk fjordlandskap er klassiske, framifrå velutvikla fjordar, og vert rekna for å vere typelokalitet for fjordlandskapa i verda. Storleiken og kvaliteten på desse fjordane kan samanliknast med andre fjordar på Verdsarvlista, og dei utmerkjer seg med sine klimatiske og geologiske tilhøve. Området syner alle element av landformer knytt til dei indre delane av to av dei lengste og djupaste fjordane i verda.

Nærøyfjord- og Geirangerfjordområda vert rekna mellom dei framifrå vakraste fjordlandskapa på kloden. Deira unike naturvenleik kjem av dei tronge dalgangane med bratte krystallinske bergsider som strekkjer seg frå 500 m under vassflata til 1400 meters høgde over Norskehavet. Eit utal fossar kastar seg utfor dei stupbratte fjellveggane, medan talrike frie elver renn frå takkete fjell, brear og bresjøar, gjennom lauv- og barskog, og ned til fjorden. Eit stort mangfald av andre naturfenomen på land og i vatn med m.a. undersjøiske morenar og sjøpattedyr, forsterkar natur-opplevinga. Restar av eldre, no for det meste nedlagde gardsbruk og stølar, tilfører det dramatiske naturlandskapet ein kulturell dimensjon som utfyller og aukar den samla verdien av området.



Rasvikfoss i Nærøyfjorden. Foto: Lars Lofaldli

Geologi og landform

Områda ligg i dei inste delane av to fjordsystem som strekker seg heilt inn i dei sentrale fjellmassiva som skil Aust- og Vest-Noreg. I tærtiærtida, for 2,5-55 millionar år sida, lyfta landet seg og danna eit høgt fjellmassiv parallelt med dagens kyst. I tida fram til iskappa la seg over landet, for 2,5 millionar år sidan, gravde elver ut djupe v-dalar langs svake sonar i berggrunnen. Under dei mange istidene som fulgte i kvartærtida forma ismassane på veg mot havet v-dalane til store u-forma dalar med særs høge og bratte fjell-sider. Områda er unge og aktive landskap der naturkreftene framleis arbeider med å forme terrenget. Skredbanar i dal-sidene og store rasmassar på fjordbotnen vitnar om dette. Områda vert sett på som særs viktige "naturhistoriske laboratorium" av di dei kan gje auka kunnskap om danning av landskap og om effektar av klimaendringar.



Nærøyfjorden. Foto: Frithjof Fure, Fjord Norway